



Einar Gjertsen, vår lokale ekspert på bilar og bilmodellar, har denne kommentaren til biletet frå Sandviklio:

Det er tvilsomt om den bilen er ein T-ford, til det er den for moderande i forma.

Det kan vera ein A-modell som vart produsert frå hausten 1927 til 1931 i stort sett uforandra fasong i ca 4 millionar eksemplar.

Men biletet er teke frå lang avstand, so det er vanskeleg å sei sikkert kva merke kjøretøy dette er.

Dette er neppe ein drosjebil, for ut frå biletet ser det ut som det er ein to-dørs bil. Noko som og synest er at bilen har dekk med kvite dekkisider, og det var nok ikkje so vanleg her i Kvinnherad.

Difor er det truleg ein bil som er eigd av ein tilreisande person, kanskje fotografen, meiner Gjertsen

Kjell Taranger har meir opplysningar om båten på det andre prospektkortet. Han har funne eit gammalt fotografi frå Lio (under), som er teke omtrent der bilen står. Det er av 4 personar i den same båten som på biletet. Kjell ror, noverande eigar av Lio Reidar Moss sit akterut. Så sit systema hans Elisabeth Moss og framme sit ei kusine - Else Taranger. Biletet er teke i 1956 eller 1957 av Ingeborg Moss Reisetser, ei tante av Kjell

Av Ola Matti Mathisen

